



## Møteprotokoll for Kraftfondsstyret

**Møtedato:** 29.04.2021  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 15:45 - 16:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
007/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/2021	Godkjenning av møtebok
009/2021	Kommunalt kompensasjonsfond covid 19 - retningslinjer
010/2021	GMU - Marknadsføringsprosjekt Masfjorden - søknad om støtte gjennom kraftfondet
011/2021	Referatsak

**007/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**29.04.2021 KRAFTFONDSSTYRET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KRFT - 007/2021 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

**008/2021: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**29.04.2021 KRAFTFONDSSTYRET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KRFT - 008/2021 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## **009/2021: Kommunalt kompensasjonsfond covid 19 - retningslinjer**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg til retningslinjer for tildeling av pott lokale covid 19 kompensasjonsmidlar vert lagt fram for kraftfondstyret for drøfting og vedtak.

### **29.04.2021 KRAFTFONDSSTYRET**

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

#### **Retningslinjer for kommunalt kompensasjonsfond covid 19**

Føremålet med tilskotet er å setje kommunane betre i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som er særleg hardt råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.

Ordninga skal også fungere som ei kommunal ventilordning for å kompensere lokale verksemder som fell heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Kommunane skal bruke midlane på tiltak for lokale verksemder som er ramma av strenge smitteverntiltak. Dette gjeld særleg:

- stønad som kompenserer for kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging
- stønad til verksemder innanfor reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringane
- stønad for andre verksemder som av ulike grunner fell utanfor generelle kompensasjonsordningar

#### **Kven kan søkje?**

Kompensasjonsordninga skal gjelde for alle verksemder i Masfjorden kommune som er råka av smitteverntiltak.

#### **Kva kan midlane nyttast til?**

Ordninga skal nyttast innanfor to område:

- Dekke faste kostnader, det kan til dømes gjelde løn, husleige, straum, forsikring og andre løpande utgifter.
- Dokumentert fall i omsetnad i 2020 og 2021. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt

Nivået på stønaden heng saman med tal søkjarar. Om det er mange søknadar innfor kriteria, kan det bli ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp.

#### **Krav til søknad:**

- Stønaden vert gjeve etter reglane for bagatellmessig stønad. Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskapsår ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 200.000 Euro.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden.
- For å få stønad må verksemdene vere registrert før 12. mars 2020 og ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling.

- Vidare må verksemdar drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk.

### **Søknadsfrist: 15. juni 2021**

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

### **KRFT - 009/2021 VEDTAK:**

#### **Retningsliner for kommunalt kompensasjonsfond covid 19**

Føremålet med tilskotet er å setje kommunane betre i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemdar som er særleg hardt råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.

Ordninga skal også fungere som ei kommunal ventilordning for å kompensere lokale verksemdar som fell heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Kommunane skal bruke midlane på tiltak for lokale verksemdar som er ramma av strenge smitteverntiltak. Dette gjeld særleg:

- stønad som kompenserer for kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging
- stønad til verksemdar innanfor reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringane
- stønad for andre verksemdar som av ulike grunner fell utanfor generelle kompensasjonsordningar

#### **Kven kan søkje?**

Kompensasjonsordninga skal gjelde for alle verksemdar i Masfjorden kommune som er råka av smitteverntiltak.

#### **Kva kan midlane nyttast til?**

Ordninga skal nyttast innanfor to område:

- Dekke faste kostnader, det kan til dømes gjelde løn, husleige, straum, forsikring og andre løpande utgifter.
- Dokumentert fall i omsetnad i 2020 og 2021. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt

Nivået på stønaden heng saman med tal søkjarar. Om det er mange søknadar innafor kriteriana, kan det bli ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp.

#### **Krav til søknad:**

- Stønaden vert gjeve etter reglane for bagatellmessig stønad. Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskapsår ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 200.000 Euro.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden.
- For å få stønad må verksemdene vere registrert før 12. mars 2020 og ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling.
- Vidare må verksemdar drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk.

### **Søknadsfrist: 15. juni 2021**

---

**010/2021: GMU - Marknadsføringsprosjekt Masfjorden - søknad om støtte gjennom kraftfondet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

GMU/fellestiltak for service- og reiselivsverksemder i Masfjorden får tildelt eit tilskot med inntil kr. 40.000,- gjennom kraftfondet til bedriftsutvikling/marknadsføringsprosjekt.

**29.04.2021 KRAFTFONDSSTYRET**

Dagleg leiar i GMU Ragnhild Undertun møtte til den saka og orienterte om søknaden.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KRFT - 010/2021 VEDTAK:**

**GMU/fellestiltak for service- og reiselivsverksemder i Masfjorden får tildelt eit tilskot med inntil kr. 40.000,- gjennom kraftfondet til bedriftsutvikling/marknadsføringsprosjekt.**

---

## **011/2021: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **29.04.2021 KRAFTFONDSSTYRET**

Referatsak:

Skriv 1: Høyringsuttale til berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### **KRFT - 011/2021 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

Rett utskrift frå møteboka frå Kraftfondstyret 29.04.21 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordførar